



Balestrand kommune

Administrasjon

Kommunal og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep


0032 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Saksh. / Telefon	Dykkar ref.	Dato
15/1075	103	Kjellaug Brekklus 57651206		16.02.2016

Svar - Høring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunene

Balestrand kommunestyre vedtok 25.02.16 samrøystes slik fråsegn til – forslag om nytt inntektssystem for kommunane.

1. Omsyn til lokalt sjølvstyre og lokal forankring av inntekter er eit avgjerande og grunnleggjande prinsipp for vidare finansiering av kommunesektoren. Inntektsordningane som gjev kommunar som avstår verdifulle naturressursar som i dag vert halde utanfor innreksutjevninga, til dømes eigedomsskatt, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft, må også haldast utanfor i framtida.
2. Modell for selskapsskatt bør også omfatte auka verksemd innan naturressursbaserte næringar. Dette kan gjerast ved å verdisikre naturressursskatten, som har stått uendra på 1,1 øre/kWh sidan innføringa i 1997.
3. Balestrand kommune støttar ei omlegging av småkommunetilskotet som i større grad vektar opp dei distriktpolitiske utfordringane, det er viktig at ein søkjer å finne kriterier som synleggjer ekstra kostnader knytt til avstandar og distriktpolitiske utfordringar. Slik framlegget ligg føre no, framstår inntektssystemet som ei medviten overføring av midlar frå distrikta til dei sentrale stroka. For kommunane i Sogn og Fjordane vil dette få store, negative konsekvensar.
4. Balestrand kommune meiner at basistilskotet ikkje skal vere avhengig av strukturkriteriet, men bør vidareførast som eit flatt tilskot som i dag og heller styrkast. Dette sikrar føreseielege rådevilkår for kommunane.

Adresse: Kong Beles veg 20 6899 BALESTRAND E-post: postmottak@balestrand.kommune.no Internett: balestrand.kommune.no	Sentralbord: 57 65 12 00 Telefaks: 57 69 12 05 Bankgiro: 3805.07.00043 Bankgiro for skatt: 6345.06.14183 Organisasjonsnr: 970 184 252	 Balestrand inspirerer deg
--	---	--

5. Utforminga av nytt inntektssystem må gjerast nøytralt utan direkte tilknytning til kommunereforma og debatten om kommunesamanslåingar. Inntektsutjamninga må vidareførast, og skatteandelen av kommunane sine inntekter må ikkje aukast.

Med helsing

Kjellaug Brekklus
Rådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi: Kommunestyret